

# SAMLET SAKSFRAMSTILLING

## MØTEBOK

**Saksnr. 91/08**

Arkivsaksnr.: 08/1080

Arkivkode:033

Sakshandsamar: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utval	Møtedato
76/08	Formannskapet	10.09.2008
91/08	Kommunestyret	18.09.2008

### **OPPRETTING AV HEMSEDAL BIOENERGI AS – KOMMUNEN SOM AKSJEEIGAR I SELSKAPET**

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

02.09.2008 OPPRETNING AV HEMSEDAL BIOENERGI- DOKUMENTASJON

#### ***Dokument i saka:***

02.09.2008 OPPRETNING AV HEMSEDAL BIOENERGI- DOKUMENTASJON

#### ***Saksopplysningar:***

Med bakgrunn i tidlegare drøftingar i formannskapet har Hemsedal kommune vedteke å delta i oppretting av selskapet Hemsedal Bioenergi AS- organisasjonsnummer 993 016 632.

Aksjonærar i selskapet i tillegg til kommunen er:

- Hallingdal Bio Energi AS – 10 000 aksjer a kr 100.- totalt nok 1.000.000
- Hemsedal Skisenter AS - 5 000 aksjer a kr 100.- totalt nok 500.000
- Planbo Prosjekter AS - 5 000 aksjer a kr 100.- totalt nok 500.000

Kommunen sin del i selskapet utgjør 10 000 aksjer, totalt kr 1.000.000

Selskapet vart stifta 6.8.2008 og det er samstundes oppretta eiga aksjonæravtale.

Avtale og dokument i samband med stiftinga er oversendt Brønnøysundregisteret for registrering i Enhets- og Foretaksregisteret.

Meldinga frå Enhets- og Foretaksregisteret finn ikkje å kunne godkjenne meldinga. Dette er grunna i at Hemsedal Energi KF som kommunalt føretak ikkje kan stifta eller teikne aksjar i eit AS.

Aksjer kan elles tidlegast teiknast på selskapet sitt stiftingsmøte, dvs. 6.august 2008. Åpningsbalansen må underteinast av samtlege eigarar / stiftarar.

Med bakgrunn i dette må selskapet ha ein annan "kommunal" eigar og samstundes ei anna finansiering. Dette må gjerast ved at Hemsedal kommune erstattar Hemsedal Energi KF som eigar .

### ***Forhold til overordna plan:***

Ikkje vurdert

### ***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert

### ***Økonomiske konsekvensar:***

Hemsedal kommune si investering vert såleis kr 1.000.000. Investeringa kan finansiert gjennom bruk av formannskapet sin disposisjonskonto, kto 14900.1000.1080.

Alternativt kan midlar hentast frå kapitalfondet.

Etter rådmannen si vurdering vil den beste løysinga ved investeringar vera å henta midlar frå kapitalfondet.

### ***Vurdering:***

Kjøp av aksjar skal reknast som ei investering og førast i investeringsrekneskapen.

Sjå elles saksopplysningar og økonomiske konsekvensar.

### ***Rådmannen si tilråding:***

1. Hemsedal kommunestyre vedtek kjøp av 10.000 aksjar a kr 100.- , til saman kr 1.000.000, i Hemsedal Bioenergi AS
2. Investeringa vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.

**Formannskapet behandlet saken den 10.09.2008, saksnr. 76/08**

**Behandling:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Hemsedal kommunestyre vedtek kjøp av 10.000 aksjar a kr 100.- , til saman kr 1.000.000, i Hemsedal Bioenergi AS
2. Investeringa vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.

**Kommunestyret behandlet saken den 18.09.2008, saksnr. 91/08**

**Behandling:**

Innstilling vedteken mot 1 stemme (Frp).

**Vedtak:**

1. Hemsedal kommunestyre vedtek kjøp av 10.000 aksjar a kr 100.-, til saman kr 1.000.000, i Hemsedal Bioenergi AS
2. Investeringa vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.